



Lokale arrangørar

Løpenummer : 13/1039
Arkivkode : FA-C11, TI-&00
Sakshandsamar : Erik Vangsnes
Direktenr. tlf. : 56580153

Dato : 19.02.2013

Vår ref.:
Saksnr.: 12/1386 - 7
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

VEDTEKNE RETNINGSLINER FOR RUSFRIE ARRANGEMENT FOR UNGDOM

§1 Overordna mål/visjon

Alle kultur- og fritidsarrangement for ungdom under 18 år er rusfrie.

§2 Målgruppe

a)Retningslinene rettar seg mot arrangement for barn og ungdom under 18 år og ungdom over 18 år som har tilgang til rusfrie arrangement

b)Arrangør må vera klar på kva ungdomsgruppe ein vender seg til under 15 år, 15-18 år eller over 18 år. Det er sjeldan vellukka om ein prøver å venda seg til fleire ungdomsgrupper i same arrangement.

§3 Alkohol/rusmiddel

a)Det er nulltoleranse mot langing av alkohol til mindreårige

b)Det er nulltoleranse mot rusing på rusfrie arrangement og det som skal vera rusfrie soner

c) Rusa ungdom skal ikkje ha tilgang til arrangementet. Dersom ungdom møter rusa på arrangement skal føresette umiddelbart få melding slik at dei kan henta ungdomane sine. Dersom ein ikkje får tak i føresette må ein vurdere å ta kontakt med politiet.

d)Brot på alkohollova på offentleg arrangement er ei politisak

§4 Vakthald

a)Arrangør må samarbeida med og få godkjenning frå politiet om vakthald

b)Det må vera tilstrekkeleg med vaksne vakter og dette må vera avklara med politiet

c)Det kan vera lurt å ha både vaksne vakter og ungdom over 18 år som vakter

- d) Det er bra om føresette til ungdom er med som vakter
- e) Vaktene må syta for orden også utanfor lokalet og har ansvaret for det som føregår på festlokalet sin grunn. Om naudsynt skal ein gjera tiltak som hindrar at folk rusar seg/ samlar seg utanfor festlokale.
- f) Ein må vurdera om det er behov for å organisera natteravner som eit supplement til politi

§5 Kvalitet og innhald på arrangement

- a) Ungdom må ta ansvar for å skapa rusfrie tilbod og ungdom må trekkast med og bli involvert i planlegging og gjennomføring av arrangement
- b) Arrangør må tilby eit innhald som ungdom etterspør og ønskjer
- c) Variasjon i tilbodet er bra
- d) Det er viktig å gjera det attraktivt å koma tidleg på arrangementa
- e) Det er viktig med stillesoner og ”luftegardar”, desse skal vera innomhus eller klart inngjerda der ein ikkje har fysisk kontakt med utanforståande. Dersom ein forlet ”innesonen” må ein løysa ny billett.

§6 Transport

- a) Til større rusfrie arrangement er det ein fordel at arrangør organiserer transport heim t.d. trygt heim for ein 50-lapp
- b) Alternativt må føresette bringa og henta

Retningslinene er vedtekne av Fusa ungdomsråd i sak 002/13 19. februar 2013